

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 18.00 Til kl. 19.30
Aurland	Fjellstyret	Marianne bakeri og kafé	7.12.22	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Leif Turlid, Tor Olav Kvam

Vara-medlemar Ingen

Andre Håkon Øydvin, Aron Freyr Gudmundsson, Knut Fredrik Øi, Harald Skjerdal

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

33/22, 34/22.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og varamedlemene.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre Møtedato: 7.12.22 Stad: Marianne bakeri og kafé

Sak 33/22. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 8. november
- 2) E-post frå NFS 9.11: Revidering av regelverk for jakt og fiske. Knut Fredrik Øi er med i arbeidsgruppe oppnemnd av fjellstyresambandet.
- 3) Fagsamling for fjelloppsynet 25.-27.1.23, Hell. Knut Fredrik og Håkon er påmelde.
- 4) Kundebrev frå Aurland Rekneskapskontor 11.11: Eigarendring.
- 5) Haustmøte Hardangervidda 26.11. Sigurd, Tor Olav og Harald deltok. Dei informerte om saker som vart drøfta på møtet.
- 6) Miljødirektoratet/Mattilsynet, rapport 15.11: «Videre forvaltning av villrein på Hardangervidda og vidare håndtering av skrantesjuka i Norge»
- 7) Melding frå Miljødirektoratet 2.12: Mattilsynet og Miljødirektoratet har levert tilrådinga om korleis reetableringa av villreinen i Nordfjella sone 1 bør skje.
- 8) Fastsetjing av dato for første fjellstyremøte i 2023: Dette vert halde den 31. januar.

Sak 34/22. Fjellstyrebudsjettet for 2023

Saksutgreiing med framlegg til budsjett låg føre.

Handsaming i møtet:

Det vart opplyst at fjellstyret sin videoprojektor er utdatert og at det trengst ein ny, utan at dette er lagt inn i budsjettframlegget. Det kom framlegg frå Erling Nesbø om å leggja inn kr 8000 til dette. Elles oppmoda fjellstyret om å sjekka om telefonkostnadene kan kuttast ved å skifta teleleverandør.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyrebudsjettet for 2023 vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande endring: Post 7008 *Kontorutstyr* vert auka med kr 8000. Budsjettert årsresultat for 2023 vert då justert til kr 8000 i underskot.